



Kristian Bringedal og Torfinn Myklebust går gjennom svare i spørjeundersøkjinga. Dei jobbar på Vertshuset og Linn Holmeskog frå Gøteborg er servitør. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Dei som kjem til båthamnane våre trivs godt i Uskedalen og har stort sett berre positive erfaringar etter opphaldet her.**



Fleire ønskjer betre utval av leikeapparat.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er hovudkonklusjonen i den spørjeundersøkjinga som Uskedalen Utvikling har gjennomført denne sommaren og som no er avslutta.

Gjestane våre har levert inn 175 svarskjema, nesten alle frå Uskedal Båtlag og Øyro Marina. Rabben Feriesenter har ikke vore med i undersøkjinga. Resultatet skal leggjast fram og drøftast under eit ope møte i Gamleskulen onsdag klokka 19.30.

Materialet inneheld også mange forslag om forbetringar.

Gjestane vil gjerne koma att, mange allereie i år.

Materialet er førebels ikke bearbeidd i detalj, men nokre konklusjoner kan trekkjast:

\* Båtgjestane våre kjem frå Vestlandet og då i stor grad frå området rundt Bergen, Haugesund og Stavanger. Dei som kjem til båtlaget si hamn blir der stort sett i to-tre dagar medan Øyro-gjestane gjerne blir lengre, faktisk opptil tre veker.

\* Når dei kjem akkurat hit til Uskedalen er det ikkje minst fordi dei er tilrådd det av andre,.Få har Uskedalen som fast ferieplass.

\* Gjestane er fulle av ros når det gjeld mottaking og service. Truleg er 90-95 prosent godt fornøgde med hamnar og butikk og det er positive konklusjonar også for Vertshuset.

\* Gjestane er også fornøgde med informasjonen dei har fått, til dømes gjennom Uskedalen.no

\* Toalett-tilhøva får også positiv karakter, men det er eit ønskje om eige toalettanlegg for Øyro.

\* Når det gjeld forslag til forbetringar, er internett-dekning også for Øyro noko som går att. Eit anna ønskjemål er fleire leikeapparat..

Ein gjest nyttar uttrykket "kongeplass".ein annan skriv "alt bra" og ein tredje "what a beautiful place". Han er frå Skottland.

Fleire ønskjer ferske rundstykker - som på Husnes!

Av Ola Matti Mathisen